



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

ENDELEG TILSYNSRAPPORT

Skulen sitt arbeid
med elevane sitt utbytte av opplæringa
og skulebasert vurdering

Suldal kommune

Sand skule

06.12.2018

Samandrag

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn med Suldal kommune. Dette er eit felles nasjonalt tilsyn som er blitt gjennomført i heile landet i frå 2014.

Det er skuleeigar som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir haldne, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Skuleeigar er derfor adressat for denne førebelse tilsynsrapporten.

Tema og føremål

Områda for dette tilsynet, og som er omtala i føreliggande rapport, er *Skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa og Skulebasert vurdering*. Våre undersøkingar er gjennomført på skulenivå ved Sand skule.

I tillegg har vi undersøkt Suldal kommune sitt forsvarlege system for sikre at skulebasert vurdering skjer etter føresegna, jf. 13-10 i opplæringslova. Vurdering av kommunen sitt forsvarlege system er gjort i en eigen rapport som blei send til kommunen i slutten av oktober i haust.

Regelverksbrot

Tilsynet har avdekka brot på regelverket knytt til opplæringa i fag og undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte. Det er også avdekka brot på reglane for korleis skulen driv kvalitetsutvikling. Dette fører til at elevane på Sand sentralskule ikkje alltid blir gjort kjent med kompetansemåla for opplæringa, og kva læraren legg vekt på i vurderinga av deira kompetanse. Lærarane gir heller ikkje alltid tilbakemeldingar på kva elevane meistrar i faga, kva elevane må gjere for å auke kompetansen sin og dei blir ikkje alltid involvert i vurderinga av eige læringsarbeid, i lys av kompetansemåla. Det som er sagt gjeld også elevane som får spesialundervisning, anten dei har eigne mål i sin individuelle opplæringsplan (IOP), eller følgjer klassens planar. Minoritetsspråklege elevar som har rett til særskilt språkopplæring, får ikkje alltid det tilbodet dei har rett på i høve til behovet deira.

Fylkesmannen si vurdering av kommentarar frå kommunen til førebels tilsynsrapport

Førebels rapport frå tilsynet blei presentert for kommunen og tilsette ved skulen 06.11.2018, og kommunen hadde frist til 20.11.2018 med å kommentere førebels rapport. Fylkesmannen har fått nokre kommentarar og dokumentasjon frå kommunen om pålegga som blei varsla. Vi adresserer dette i oversendingsbrevet som følgjer rapporten. Som utdjupa her har ikkje ny dokumentasjon ført til at vi har fjerna pålegg eller korreksjonspunkt.

Status på rapporten og vegen vidare

I denne endelege tilsynsrapporten får Suldal kommune frist til **01.04.2019** å rette brot på regelverket før vi eventuelt vedtek pålegg om retting.

Innhald

1	Innleiing.....	4
1.1	Om gjennomføringa av tilsynet	4
1.2	Om tilsynsrapporten	5
Del 1: Skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa		5
2.	Skulen sitt arbeid med opplæringa i fag.....	5
2.1	Rettslege krav	5
2.2	Våre undersøkingar	7
2.3	Våre vurderingar og konklusjonar.....	7
Vår konklusjon		10
3.	Undervegsvurdering for å auke elevane sitt læringsutbytte	10
3.1	Rettslege krav	10
3.2	Våre observasjonar	12
3.3	Våre vurderingar og konklusjonar.....	12
Vår konklusjon		14
4.	Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning	14
4.1	Rettslege krav	14
4.2	Våre observasjonar	15
4.3	Våre vurderingar og konklusjonar.....	15
Vår konklusjon		16
5.	Vurdering av behov for særskilt språkopplæring	17
5.1	Rettslege krav	17
5.2	Våre observasjonar	17
5.3	Våre vurderingar og konklusjonar.....	17
Vår konklusjon		18
Del 2		18
6	Skulebasert vurdering.....	18
6.1	Rettslege krav	18
6.2	Våre observasjonar	20
6.3	Våre vurderingar og konklusjonar.....	20
7.	Frist for retting av brot på regelverket.....	22
Del 1 – skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa		23
Del 2 – skulebasert vurdering.....		24
Vedlegg: Liste over dokumentasjon.....		25

1 Innleiing

Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skular, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 10 A.

I tilsyn kontrollerer vi om skulane oppfyller opplæringslova med forskrifter. Dersom Suldal kommune og Sand skule ikkje følgjer regelverket, kan vi påleggje retting etter at kommunen har fått ein frist for å rette.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir gjennomførte, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Vi adresserer derfor eventuelle pålegg i tilsynet til kommunen som har ansvaret for at skulen rettar opp brot på regelverket.

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova.

1.1 Om gjennomføringa av tilsynet

Fylkesmannen opna tilsyn med Suldal kommune i brev datert 05.04.2018. De blei bedne om å levere relevant dokumentasjon til oss, slik at vi kunne gjennomføre tilsynet. Tilsynet blei utvida, sjå brev datert 16.08.2018, til også å omfatte og kontrollere om kommunen har eit forsvarleg system for å følgje opp krava innanfor skulebasert vurdering.

Tilsynet har fokus på to område:

1. Elevane sitt utbytte av opplæringa
2. Skulebasert vurdering

Del 1: Temaet for den første delen av tilsynet er retta mot kjerneverksemda i skulen: Skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa.

Vi har kontrollert følgjande hovudpunkt:

1. Skulen sitt arbeid med opplæring i fag
2. Undervegsvurdering for å auke eleven sitt utbytte av opplæringa
3. Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning
4. Vurdering av behov for særskilt språkopplæring

Tilsynet skal bidra til at skuleeigar som ansvarleg sørgjer for at elevane:

- får kjennskap til og opplæring i måla som gjeld for opplæringa
- får tilbakemeldingar og blir involvert i eige læringsarbeid for å auke eige utbytte av opplæringa
- får vurdert kontinuerleg kva utbytte dei har av opplæringa

- blir følgt opp og får nødvendig tilrettelegging når utbytte av opplæringa ikkje er tilfredsstillande

Det overordna føremålet med tilsynet er å bidra til at alle elevar får eit godt utbytte av opplæringa. Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

Del 2: Det andre området i tilsynet handlar om skulebasert vurdering. Skulebasert vurdering er skulen si jamlege vurdering av i kva grad eiga verksemd medverkar til å nå måla i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Dette betyr at skulen skal vurdere organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa. Det overordna føremålet med tilsynet er at skulebasert vurdering på denne måten medverkar til at elevane får eit godt utbytte av opplæringa.

Tilsynet skal bidra til at kommunen som skuleeigar sørgjer for at skulen ved skulebasert vurdering

- vel tema basert på ei brei og samla vurdering av om elevane når måla i læreplanverket
- vurderer og følgjer opp ulike endringar som kan bidra til auka måloppnåing
- sikrar brei medverknad i gjennomføringa
- gjennomfører vurderinga jamleg

Manglande eller mangelfull gjennomføring av skulebasert vurdering kan føre til at skulen ikkje betrar organiseringa, tilrettelegginga eller gjennomføringa av opplæringa for å auke elevane sitt utbytte av opplæringa.

1.2 Om tilsynsrapporten

Våre vurderingar baserer seg i hovudsak på opplysningar som kjem fram i:

- dokumentasjonen de har sendt inn (sjå oversikt i vedlegg)
- informasjonen frå våre eigne system og offentlege register
- informasjonen på skulens nettstad, og elektronisk fellesområde
- intervjuar med elevar, lærarar ved skulen, rektor og kommunalsjef
- Kommentrarar og dokumentasjon etter framlegg av førebels rapport

Del 1: Skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa

2. Skulen sitt arbeid med opplæringa i fag

2.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi oppgitt dei rettslege krava for tilsynet med skulen sitt arbeid med opplæringa i fag. Vi viser også til kva reglar i opplæringslova og forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Rektor skal sikre at innhaldet i opplæringa er knytt til kompetansemål i faget

Undervisningspersonalet skal leggje til rette og gjennomføre opplæringa etter Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06), jf. opplæringslova § 2-3 og forskrift til opplæringslova § 1-1.

Det betyr at opplæringa skal ha eit innhald som byggjer på kompetansemåla i læreplanen og bidrar til at desse blir nådd. Rektor må organisere skulen slik at dette blir ivaretatt, jf. opplæringslova § 2-3.

Rektor skal sikre at undervisningspersonalet ivaretar eleven sin rett til å kjenne til mål for opplæringa og kva som blir vektlagt i vurdering av eleven sin kompetanse.

Underevgsvurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen og bidra til å forbetre opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-11. Eleven skal kjenne til kva som er måla for opplæringa og kva som blir vektlagt i vurdering av hans eller hennar kompetanse, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Det betyr at elevane må kjenne til kompetansemåla i læreplanane for faga, og at dei er grunnlaget for vurdering av eleven sin kompetanse. Dei skal også kjenne til kva læraren legg vekt på når læraren vurderer eit arbeid. Frå og med 8. trinn skal elevane kjenne til kva som skal til for å oppnå de ulike karakterane. Rektor må organisere skulen slik at det blir sikra at undervisningspersonalet formidlar dette til elevane.

Rektor skal sikre at opplæringa dekkjer alle kompetansemåla på hovedtrinnet / i faget og dei individuelle opplæringsmåla i IOP.

Undervisningspersonalet skal leggje til rette og gjennomføre opplæringa etter LK06, jf. opplæringslova § 2-3 og forskrift til opplæringslova § 1-1. For faga i grunnskulen er kompetansemåla sett per hovedtrinn. I slike tilfelle må rektor sikre at elevane får opplæring i alle kompetansemåla i faget / på hovedtrinnet gjennom opplæringsløpet. Ein elev som får spesialundervisning, kan ha unntak frå kompetansemåla i dei ordinære læreplanane, jf. opplæringslova § 5-5. Gjeldande opplæringsmål for eleven skal komme fram av ein individuell opplæringsplan (IOP). Skulen må sikre at eleven si opplæring dekkjer dei individuelle opplæringsmåla.

Alle elever som har vedtak om spesialundervisning, skal ha IOP.

Skulen skal utarbeide ein individuell opplæringsplan (IOP) for alle elevar som får spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-5. Det må komme fram av IOP-en kva tidsintervall den gjeld for.

Innhaldet i IOP-en skal samsvare med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa og synleggjere eventuelle avvik frå LK06.

IOP-en skal vise mål for og innhaldet i opplæringa og korleis opplæringa skal gjennomførast, jf. opplæringslova § 5-5. Reglane for innhald i opplæringa gjeld så langt dei passar for spesialundervisninga. Det kan føre til at måla for opplæringa har avvik frå kompetansemåla i læreplanane i LK06.

Før skulen/skuleeigar gjer eit enkeltvedtak om spesialundervisning, skal PPT utarbeide ei sakkunnig vurdering. Den sakkunnige vurdering skal gi tilråding om innhaldet i opplæringa, blant anna realistiske opplæringsmål for eleven og kva opplæring som gir eleven eit forsvarleg opplæringstilbod. Vedtaket om spesialundervisning skal byggje på den sakkunnige vurdering, og eventuelle avvik frå sakkunnig vurdering må grunnjevast. Vedtaket om spesialundervisning set fast rammene for opplæringa og dermed innhaldet i IOP-en. IOP-en kan først takast i bruk etter at det er fatta enkeltvedtaket om spesialundervisning.

IOP-en må ha egne mål for opplæringa når eleven si opplæring avviker frå ordinære læreplanar, og skulen må ha ein innarbeida framgangsmåte for å sikre at IOP-en er samordna med den ordinære opplæringa etter klassen sine planar.

Reglane om innhald i opplæring etter kompetansemåla i læreplanane gjeld for spesialundervisning så langt dei passar, jf. § 5-5 i opplæringslova. Skulen skal leggje vekt på utviklingsmoglegheitene for eleven og dei opplæringsmåla som er realistiske innanfor det same totale undervisningstimetalet som for andre elevar, jf. opplæringslova § 5-1. Den individuelle opplæringsplanen skal vise måla for opplæringa, jf. opplæringslova § 5-5. Dersom vedtaket om spesialundervisning ikkje inneheld avviker frå LK06, eller berre angir færre kompetansemål i eit fag enn i den ordinære læreplanen, må dette også kome klart frem i IOP-en. Det må også kome klart fram i kva fag eller delar av fag eleven eventuelt skal følgje ordinær opplæring i klassen. Skulen må ha ein framgangsmåte som angir korleis spesialundervisninga og den ordinære opplæringa skal sjåast i samanheng. Framgangsmåten må vere kjent og innarbeida av dei som har ansvaret for å utvikle IOP-en og for å gjennomføre opplæringa.

2.2 Våre undersøkingar

Rektor, og faglærarar i norsk, samfunnsfag og engelsk, har fylt ut eigenvurderingsskjema (EVS) kor dei grunnjev kvifor dei meiner at dei oppfyller, eventuelt ikkje oppfyller, krav til opplæring og elevvurdering gjennom vedlagt dokumentasjon. Desse, saman med plandokument, rutinar, enkeltvedtak og annan dokumentasjon knytt til opplæring og elevvurdering for alle elevgrupper og intervju, dannar grunnlaget for våre vurderingar og konklusjonar.

2.3 Våre vurderingar og konklusjonar

Rektor uttalar i intervju og i innsend dokumentasjon at lærarane har frist for å levere årsplanar for sine fag i veka etter haustferien. Lærarane skal nytta ein mal (ein matrise) kor dei oppgjer kompetansemål og annan relevant informasjon som tema/emne, læremiddel, korleis tema skal arbeidast med, og i kva form dei vil bli vurderte. Intervju viser at lærarane på skulen gjorde ein større jobb i 2013 med å fordele kompetansemål på dei ulike trinna, og at det som blei gjort den gongen i stor grad framleis blir brukt. Det går fram mellom anna av *Kompetanseplan for skule og SFO i Suldal 2018/2019* at «Vurdering for læring» skal vere eit satsingsområde på Sand skule. Skulen har sjølv oppgitt dette som ei felles satsing. Ut frå dokumentasjonen, mellom anna årshjul for fellestid eller program for planleggingsdag, kan ikkje vi sjå kva konkret som er blitt arbeidd med, korleis dette blir gjort eller ein plan for korleis opplæring og elevvurdering skal gå føre seg på Sand skule. Det blir sett av tid til å lage årsplanane kvart år, men det kan synast som om det ikkje ligg føringar om jamleg samarbeid i faggrupper, på trinn eller team. Vi har heller ikkje avdekkja at det er forventningar eller føringar om eit felles løypande læreplanarbeid i kollegiet gjennom til dømes drøftingar og refleksjon om ein god og tenleg fordeling av kompetansemåla på trinn, eller utvikling/val av eigna undervisningstema. I dokumentasjonen frå skulen, har vi sett døme på årsplanar som ikkje er i tråd med malen. Så langt Fylkesmannen er gjort kjend med, har ingen av lærarane fått kommentarar på, eller retur av sine planar. Vi kan ikkje konkludere med at systemet skulen har for å sikre at innhaldet i opplæringa er knytt til kompetansemål fungerer.

Eit par veker etter at intervjuet var gjennomførte, fekk vi tilsendt meir informasjon. Denne omfatta dokumentasjon for elevar med spesialundervisning, KLU/Vfl. plan for dei neste 2 åra på Sand skule, og forventningar til lærarane om arbeid med utvikling av god vurderingskultur. I tillegg sendte ein av lærarane inn døme på målark, prosjekttema i ulike fag og nokre døme på vurderingskriterium. Denne dokumentasjonen ligg også til grunn for våre vurderingar og konklusjonar. Planen for gjennomføring av MOOC i Vfl-satsinga kan gi gode resultat dersom den blir arbeidd med på ein god måte og integrert i heile kollegiet. Den er pr. i dag ikkje gjennomført og påverkar difor ikkje resultatene i dette tilsynet.

Det er vidare eit krav at rektor skal sikre at kompetansemåla, slik dei står i læreplanane for faga, skal gjerast kjende for elevane. Dei skal vite kva som er måla for undervisningstema dei til ein kvar tid arbeider med. Elevane skal også vere kjende med kva det blir lagt vekt på i vurderinga av deira kompetanse. Viss skulen vel å nytte læringsmål, så skal desse vere tydeleg relaterte til kompetansemåla i læreplanane i faga. Vurderingskriterium og kjenneteikn på måloppnåing skal måle og vurdere den kompetansen som måla spør etter.

Det kjem fram at det varierer etter fag og trinn om elevane blir gjort kjend med årsplanane som blir utarbeidd, eller på anna vis får høve til å gjere seg kjent med, og forklart, kompetansemåla. Det vil uansett ikkje vere nok å legge kompetansemåla tilgjengeleg på skulen si heimeside, eller It's learning, dersom ikkje måla blir forklart og drøfta med elevane, og knytte til det tema dei arbeider med. Uttale frå fleire av intervjuobjekta syner at elevane ofte ikkje blir gjort kjende med kompetansemåla. Det blir særleg trekt fram at måla, slik dei står i læreplanane, kan bli for kompliserte og omfattande for elevane. Vi vil kommentere dette nærare i neste kapittel.

Dokumentasjonen og intervju viser at det er ulik praksis på bruk av vurderingskriterium og kjenneteikn på måloppnåing. Elevane får i ulik grad kjennskap til kva som vil bli vurdert, med andre ord kva det er viktig for dei å fokusere på i si innlæring og kompetanseutvikling. Det er ikkje eigne kolonnar i årsplanane for dette, og vi har berre sett nokre få døme på kjenneteikn knytt til vurdering av konkrete kompetansemål og vurderingskriterium. Det tyder ikkje på at det er ei rutine for å kontrollere at mål og vurderingskriterium, eller kjenneteikn på måloppnåing, når ut til elevane.

Ut frå det som her er drøfta kan vi ikkje konkludere med at skulen har eit system for å sikre at elevane blir gjort kjend med mål for opplæringa, eller kva som er grunnlaget for vurdering av deira kompetanse.

Fylkesmannen har vurdert to elevsaker og vi har sjekka sakkunnige vurderingar, vedtak om spesialundervisning, individuelle opplæringsplanar (IOP) og årsrapportar. Enkeltvedtaka om spesialundervisning byggjer på sakkunnig vurdering frå PP-tenesta. Vi har funne at dei sakkunnige vurderingane ikkje er konkrete når det gjeld mål og innhald i spesialundervisninga, og dei stadfestar ikkje konkret kor mange timar eleven skal ha spesialundervisning i ulike fag. Fylkesmannen er usikker på om ein av IOP-ane er i samsvar med timetalet i vedtaket, fordi vedtaket inneheld timane i 60 minutt mens IOP timane er i 40 minutt. Rektor opplyser i intervju at skulen ventar på nye sakkunnige for desse elevane.

Elev 1 skal følge læreplanmåla for 10. trinn i alle fag, men har rett til spesialundervisning og særleg tilrettelegging for å kunne nå måla for sitt trinn. For denne eleven er det tilrettelegginga av opplæringa som er det sentrale og som skal skildrast i eleven sin IOP. Dette er delvis gjort i den IOP vi har vurdert.

Elev 2 har avvik frå læreplanmåla i K06 utan at kompetansemåla er konkretisert i den sakkunnige vurderinga eller i enkeltvedtaket. IOP og årsrapport viser at eleven får opplæring i alternativ opplæringsarena ein dag i veka, utan at dette er omtalt i sakkyndig vurdering eller i enkeltvedtaket. Eleven får vurdering utan karakter i fleire fag, men vi er usikre på om er fatta enkeltvedtak om fritak frå vurdering med karakter for denne eleven.

Fylkesmannen fekk nyleg ny sakkunnig vurdering og enkeltvedtak for elev 2. Desse er konkrete når det gjeld mål og innhald i spesialundervisninga. Skulens enkeltvedtak er i tråd med sakkunnig vurdering og er konkret når det gjeld fag og timar for spesialundervisninga. I tillegg er alternativ opplæringsarena omtalt i enkeltvedtaket. Førebels har skulen ikkje utarbeida IOP og derfor kan vi ikkje fullt ut vurdere dokumentasjonen.

På denne bakgrunn finn Fylkesmannen at skulen ikkje sikrar at innhaldet i IOP er i samsvar med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa.

Sand skule har dokumentert at det er utarbeida rutinar for arbeid med spesialundervisning og individuelle opplæringsplanar, IOP. Det kjem også fram i intervju at leiinga gjer greie for desse rutinane ved skulestart om hausten. I tillegg les rektor gjennom alle IOP-ane og godkjenner dei før dei vert sende heim og til kommunen.

Vi konkluderer med at det blir utarbeida IOP for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning på Sand skule.

Det er eit rettsleg krav at skolen skal ha ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at IOP er samordna med planane for den ordinære opplæringa i klassen. Sand skule har fleire skriftlege rutinar for arbeid med elevar som har spesialundervisning og rutinar for utarbeiding av IOP. I eit av dokumenta *Kvalitetssikring av eleven sitt læringsutbyte* står det at *IOP må samordnast med planen for ordinær opplæring slik at eleven får eit heilskapleg tilbod*. I tillegg står det at *Lærar i spesialundervisning og ordinær opplæring samarbeider om ei heilskapleg opplæring til elevar med spesialpedagogiske behov*.

I planen er det satt av tid til arbeid med IOP/spesialundervisning i teamtid, utviklingstid eller fellestid ved fleire høve. Likevel finn vi at det i *Plan for bruk av fellestid* for hausten 2018 ikkje er satt av tid i tråd med den overordna planen. I intervju kjem det fram at lærarane samarbeider om arbeidet med utvikling og bruk av IOP, men vi har ikkje fått det dokumentert at arbeidet konkret er samordna med klassen sine planar. I intervju kjem det også fram at lærarane opplev at det satt av tid til arbeid med IOP og årsplanar, men vi får ikkje inntrykk av at det er eit nært samarbeid mellom lærarane på trinnet og dei som er ansvarlege for

spesialundervisninga. Fylkesmannen sin konklusjon er at Sand skule har gode planer og rutinar, men desse har ikkje ført til at skulen i praksis har ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at IOP er samordna med planane for den ordinære opplæringa i klassen.

Fylkesmannen menier at Sand skule har utarbeida fleire gode rutinar og dei er etter vurdering gode, men vi er usikre om systemet er vel innarbeidd. Rektor fortel mellomanna at det har vore tradisjon for å søkje ein elev til PP-tenesta før ein har vurdert alternative arbeidsmåtar, klassemiljøtiltak osb. Skulen har også hatt ein høg del elevar med spesialundervisning.

Vår konklusjon

Rektor sikrar

- ikkje at undervisningspersonalet knyter opplæringa sitt innhald til kompetansemål i det enkelte faget
- ikkje at undervisningspersonalet tar vare på eleven sin rett til å kjenne til mål for opplæringa
- ikkje elevane sin rett til å bli gjort kjent med kva det blir lagt vekt på i vurdering av deira kompetanse
- ikkje at opplæringa samla dekker alle kompetansemåla på hovudtrinnet i faget og dei individuelle opplæringsmåla i IOP

Sand skule

- utarbeidar kvart år IOP for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning
- sikrar ikkje at det er samsvar mellom omfanget og innhaldet av spesialundervisninga i vedtaka og dei individuelle opplæringsplanane
- sikrar ikkje at IOP-ene har eigne mål for opplæringa når eleven si opplæring avvik frå ordinære læreplanar
- har ikkje ein innarbeida framgangsmåte for å sikre at IOP-en er samordna med planane i den ordinære opplæringa

3. Undervegsvurdering for å auke elevane sitt læringsutbytte

3.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi oppgitt dei rettslege krava for tilsynet med skulen sitt arbeid med undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte av opplæringa. Vi viser også til kva reglar i opplæringslova og/eller i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Elevane skal få rettleiing i kva kompetansemål frå LK06 eller mål i IOP-en som opplæringa er knytt til.

Elevane skal gjerast kjende med måla for opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Dette gjeld for alle årstrinn og gjeld også for elevar med individuelle mål i ein IOP. Elevane skal gjerast i stand til å forstå kva dei skal lære og kva som er føremålet med opplæringa. Lærarane gjennomfører opplæringa og må kommunisere dette til elevane.

Elevane skal få rettleiing i kva det blir lagt vekt på i vurderinga i faget.

Eleven skal kjenne til kva som blir vektlagt i vurderinga av hans eller hennar kompetanse, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Det betyr at elevane skal kjenne til kva som kjenneteiknar ulik grad av kompetanse og kva det blir lagt vekt på i vurderinga av ein prestasjon. Kravet til at det skal vere kjent for eleven, inneber at lærarane må kommunisere grunnlaget for vurderinga til elevane. Det er ikkje tilstrekkeleg at informasjonen ligg på Internett eller kan fåast ved å spørje læraren.

Elevane skal få tilbakemeldingar på kva dei meistrar, og rettleiing i kva dei må gjere for å auke kompetanse sin.

Vurderinga undervegs i opplæringa skal gi god tilbakemelding og rettleiing til eleven og vere eit reiskap i læreprosessen, jf. forskrift til opplæringslova §§ 3-2 og 3-11. Undervegsvurdering skal bidra til at eleven aukar kompetansen sin i fag, jf. forskrifta § 3-11. Undervegsvurderinga skal gis løpande og systematisk, den kan både være skriftleg og munnleg, skal innehalde grunnleggjande informasjon om kompetansen til eleven og skal gis med sikte på fagleg utvikling.

Elevane skal involverast i vurderinga av eige læringsarbeid.

Elevane skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eigen fagleg utvikling, jf. forskrift til opplæringslova § 3-12. Lærarane må sørge for at elevane blir involvert i dette. Elevane si eigenvurdering skal vere ein del av undervegsvurderinga.

Elevane skal frå og med 8. årstrinn få halvårsvurdering midt i opplæringsperioden i alle fag og på slutten av opplæringsåret i fag som ikkje er avslutta. Skulen må ha ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at lærarane i halvårsvurderinga gir informasjon om elevane sin kompetanse i faga og rettleiing om korleis elevane kan auke kompetansen sin.

Halvårsvurdering i fag er ein del av undervegsvurderinga og skal uttrykkje kompetansen til eleven knytt til kompetansemåla i læreplanverket, jf. forskrift til opplæringslova § 3-13. Halvårsvurdering skal også gi rettleiing i korleis eleven kan auke kompetansen sin i faget.

Halvårsvurdering utan karakter skal elevane få gjennom heile grunnopplæringa. Dette gjeld alle elevar uavhengig av vedtak og type opplæring. Vurderinga kan vere både skriftleg og munnleg.

Frå og med 8. årstrinn skal halvårsvurdering både med og utan karakter gjennomførast midt i opplæringsperioden og på slutten av opplæringsåret dersom faget ikkje blir avslutta. Halvårsvurderinga med og utan karakter viser då den same kompetansen.

Skulen må gjennomføre halvårsvurderingar på rett tidspunkt og ha ein innarbeida framgangsmåte som er i samsvar med forskrifta.

Skulen må ha en innarbeida framgangsmåte som sikrar at årsrapporten inneheld ei vurdering av eleven si utvikling ut frå måla i IOP-en.

For elevar med spesialundervisning skal skulen, i tillegg til halvårsvurdering med og utan karakter, ein gong i året utarbeide ein skriftleg rapport. Rapporten skal blant anna gi vurdering av eleven si utvikling i forhold til måla i IOP, jf. opplæringslova § 5-5.

Skulen må ha en innarbeida framgangsmåte som sikrar at årsrapportar har eit innhald som er i samsvar med forskrifta.

3.2 Våre observasjonar

Funn, slik dei blir omtalt i neste avsnitt, byggjer på dokumentasjon som nemnt under 2.2

3.3 Våre vurderingar og konklusjonar

Elevane skal få rettleiing i kva kompetansemål opplæringa er knytt til. I dette ligg ei forventning eller eit krav om at måla skal diskuterast og omgrep skal forklarast. Opplæringa, det einskilde undervisningstema, skal så forklarast med bakgrunn i måla i læreplanen. Kva lærar legg vekt på i vurderinga av elevane, skal uttrykke kompetansen som måla spør etter.

Vi har fått tilsendt døme på årsplanar i fag som viser oversikt over kompetansemåla, læremiddelkjelder og vurderingsformer. Planane varierer ein god del i kor konkrete dei er i skildringa av undervisningstema, læringsmål og arbeidsmåtar, med andre ord kva som er føremålet med opplæringa og korleis elevane skal tileigna seg kompetanse. Det går fram at arbeidet med årsplanane og grad av samarbeid er ulik på hovudtrinna, også når det gjelder samarbeid i faggrupper. Det er ulikt i kva grad og korleis elevane får presentert kompetansemåla. Det blir vist til at ein «bryt ned» måla, forenkler dei eller stykkar dei opp. Vi ser og eksempel på at måla ikkje blir presentert i det heile tatt, då nokre meiner at dei vil bli opplevd som for kompliserte og omfattande. Fleire oppgjer og at det blir nytta målar i mange fag. Slik vi forstår det, er målar knytte til ulike tema og kapittel i lærebøkene i faga. Vi fekk ikkje døme på slike målar i opphaveleg dokumentasjon. Vi fann heller ikkje slike etter søk på heimesida og It´s learning. Vi har fått ettersend nokre eksempel på målar eit par veker etter intervju. I vekeplanane som blei lagt ved svar i RefLex, går det ikkje fram kompetansemål, men i hovudsak kunnskapsspesifikke mål knytt til kapittelet ein går gjennom. Det vi skriv i det vidare gjeld ikkje i same grad for all undervisninga på Sand skule, men byggjer på eit inntrykk vi har på bakgrunn av intervju og dokumentasjonen: Det mest sentrale i eit kompetansemål er at det uttrykker nettopp det, kompetanse, i motsetnad til spesifikk kunnskap. Alle kompetansemåla i alle læreplanane er bygd opp med eit eller fleire ferdigheitsmål og kunnskapsmål, og begge må takast i vare. Kompetanse, i motsetnad til temaspesifikk kunnskap, er noko eleven skal kunne ta med seg på andre område eller i andre fag for å løyse nye problemstillingar. Dersom kompetansemåla i stor grad blir «brotne ned/delt opp», eller blir til eit avgrensa tema- eller ferdigheitsspesifikt mål på vekeplanen, vil eleven sannsynlegvis ikkje utvikle den heilskaplege kompetansen som læreplanen i kvart fag uttrykker. Ein tapar på denne måten heilskapen i kompetansemålet eller -måla av syne.

Som nemnt over er det ei oppfatning hos fleire at kompetansemåla, slik dei står i læreplanen, kan bli for kompliserte og omfattande, særleg på dei lågare trinna og for svake elevar. Eit døme blir drøfta i det vidare. Døme er valt tilfeldig, og er ikkje meint knytt til praksis hos einskilde lærarar. I samfunnsfag etter 4.trinn frå hovudområde *Utforskaren* skal eleven kunne: *gje døme på korleis menneske meiner ulikt, at møte mellom ulike menneske kan vere både gjevande og konfliktfylte, og samtale om empati og menneskeverd* (Vår understreking, utelete i årsplanen). Kompetansemålet er eit overgripande metodisk mål, og ikkje blant dei enklaste

eller mest konkrete. Etter vår forståing er målet særleg eigna for omgrepsopplæring, refleksjon rundt kva dei ulike situasjonane kan innebere, som *å meine ulikt, gjevande og konfliktfylte møte* osv. Ein slik felles presentasjon og refleksjon er god og naudsynt fagopplæring i samfunnsfaget, og er ikkje for komplisert for elevar i 1. eller 2. dersom det blir forklart. Det er kompetansemåla som bør vere inngongen til val av undervisningstema, og ikkje til dømes læreboka som skal styre opplæringa.

Vi har fått enkelte døme på kjenneteikn på måloppnåing til nokre undervisningstema, kor også kompetansemåla kjem fram. Det kan synast som at det i nokon utstrekning nyttast generelle vurderingskriterium, til dømes for alt skriftleg arbeid og munnlege presentasjonar. Eller at vurderingskriteria varierer etter vurderingsform og ikkje kompetansemål. Dette vil lett gli over i vurdering av grunnleggjande ferdigheiter, og ikkje kompetanse etter måla i læreplanen. Ein betydeleg del av vurderingskriteria som er oppgitt, er viktige ferdigheiter og *middel* til å nå måla. Kva som skal vurderast er i kva grad elevane har nådd kompetansemåla, og ikkje verktøya for å nå måla. Målarka inneheld delmål, som fungerer som relevante vurderingskriterium, men vi ser ikkje døme på kjenneteikn på måloppnåing, eller konkret informasjon til eleven om kva som skal til for å oppnå dei ulike karakterane

Det vi har skreve over tilseier at vi ikkje kan konkludere med at elevane får rettleiing i kva kompetansemål som opplæringa er knytt til, eller kva som er grunnlaget for vurderinga av deira kompetanse.

I vurderinga av elevane, skal lærar gi eleven ein status over kva dei meistrar, og rettleiing i kva dei må gjere for å auke kompetansen. Tilbakemelding og framovermelding skal ta utgangspunkt i kompetanse etter måla i læreplanen. Som vi har grunnlagt over, meiner vi at vurderingane ikkje alltid skjer etter kriterium som viser kompetanse i høve til kompetansemåla, eller at dei tydeleggjer kompetanse på ulike nivå.

Elevane skal bli involvert i eige læringsarbeid. Dette betyr at dei skal vere kjent med grunnlaget for vurderinga av eigen kompetanse, vurderingskriterium, og kunne vurdere eigen kompetanse på same grunnlag. Elevane på Sand skule vurderer eigen kompetanse i ein viss utstrekning, men i varierende grad etter kriterium som målar kompetanse i høve til læreplanen. Det ser ikkje ut til at eigenvurdering for elevane er mykje brukt.

Dokumentasjon og svar i RefLex tyder at elevane frå 8.årstrinn får halvårsvurdering utan karakter midt i opplæringsperioden, men i noko meir varierende grad på slutten av opplæringsåret, for fag som ikkje er avslutta. Rektor skriv at dei skal innarbeidde dette i skulens rutinar, og vi oppmodar skulen til også å vurdere om vurderinga utan karakter midtvegs ligger nær nok vurderinga med karakter, då desse skal henge saman.

Årsrapporten skal sikre at eleven får ei vurdering av si utvikling på bakgrunn av måla i IOP. Årsrapportane som er sende inn er utarbeida i ein mal der skulen gir oversikt over eleven si opplæring og utvikling, ei vurdering av arbeidsmåtar og organisering, samt ei vurdering av om eleven framleis treng spesialundervisning. Årsrapportane er ikkje underskrivne av rektor. Formuleringane i årsrapporten viser ikkje konkret kva mål eleven har nådd i IOP-en, men er i større grad knytte til kva eleven har jobba med og korleis det går. I tillegg viser vi til det som

står om mål og innhald i IOP-ane under punkt 2.3. Når vedtak om spesialundervisning og IOP manglar konkrete kompetansemål blir årsrapportane ikkje konkrete nok. Vår konklusjon er at skulen ikkje har ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at årsrapportane har eit innhald som er i samsvar med lov og forskrift.

Vår konklusjon

- lærarane rettleier ikkje alltid elevane i kva kompetansemål frå LK06, eller kva mål i IOP opplæringa er knytt til
- lærarane rettleier ikkje alltid elevane i kva det blir lagt vekt på i faga
- lærarane gir ikkje alltid elevane tilbakemeldingar på kva de meistrar i faga
- lærarane rettleier ikkje alltid elevane i kva dei må gjere for å auke kompetansen sin i faga
- lærarane sørgjer ikkje alltid for å involvere elevane i eige vurderingsarbeid
- skulen har ikkje ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane gir informasjon om elevane sin kompetanse i faga, og rettleiing i korleis elevane kan auke kompetansen sin både halvvegs i opplæringa og på slutten av opplæringsåret.
- skulen har ikkje ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at årsrapportar inneheld ei vurdering av eleven si utvikling ut frå måla i IOP

4. Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning

4.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi oppgitt dei rettslege krava for tilsynet med skulen sitt arbeid med undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning. Vi viser også til dei reglane i opplæringslova og i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Skulen må ha en innarbeida framgangsmåte som sikrar at lærarane systematisk og løypande vurderer om alle elever har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Læraren skal, som ein del av undervegsvurderinga, vurdere om den einskilde eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-11. Skulen må ha ein kjent og innarbeida framgangsmåte slik at lærarane vurderer systematisk og løypande om elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Skulen må ha ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø blir vurdert for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og basert på vurderinga må skulen eventuelt gjennomføre tiltak innanfor tilpassa opplæring. Alle elevar har krav på tilpassa opplæring, jf. opplæringslova § 1-3. Dersom ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, skal skulen først vurdere og eventuelt prøve ut tiltak innanfor det ordinære opplæringstilbodet, jf. opplæringslova § 5-4. Skulen må sjå på om tiltak knytt til arbeidsmåtar, vurderingspraksis og arbeidsmiljø kan bidra til at eleven får tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Framgangsmåten for dette må være kjent og innarbeida. Dette skal skulen gjere før eleven eventuelt blir tilvist til PPT for ein sakkunnig vurdering med tanke på spesialundervisning.

Skulen må ha ein innarbeida framgangsmåte for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning og sikre at lærarane melder behov for spesialundervisning til rektor.

I nokre tilfelle vil skulen si vurdering og utprøving av tiltak etter opplæringslova § 5-4 konkludere med at eleven ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av opplæringa innanfor det ordinære opplæringstilbodet. Eleven har då krav på spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-1. Det er viktig at prosessen for å kunne gi spesialundervisning blir starta så snart som mogleg etter at behovet for dette er avdekket. Undervisningspersonalet har derfor både plikt til å vurdere om ein elev treng spesialundervisning og å melde frå til rektor når det er behov for det, jf. opplæringslova § 5-4. Skulen må ha ein framgangsmåte som er kjent og innarbeida blant lærarane slik at dei vurderer og melder behov for spesialundervisning.

4.2 Våre observasjonar

Svar på spørsmåla knytte til dette hovudområdet er henta frå innsendt dokumentasjon, EVS og intervju. Sjå punkt 2.2.

4.3 Våre vurderingar og konklusjonar

Det sentrale spørsmålet her er om skolen har eit forsvarleg grunnlag for å vurdere om alle elevane har eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Skulen har lagt fram fleire dokument som skal sikre dette arbeidet, mellom anna *Årshjul, sikring av kvalitetsvurdering for opplæringa ved Sand skule og vedtekne kartleggingsprøvar*. Årshjulet skildrar dei ulike nasjonale og lokale kartleggingsprøvar som blir gjennomført årleg frå 1. til 10. klasse. Planen viser namn/fag på kartleggingsprøvar og kva tid dei skal gjennomførast på dei ulike trinna. Kartleggingsprøvene gjeld for lesing, skrivning, engelsk, rekning, digitale ferdigheiter og læringsmiljøet. I tillegg er det sett opp forslag til kartleggingsverktøy som kan nyttast ved behov for ytterlegare kartlegging og testing. Skulen bruker også SOL (Systematisk Observasjon av Lesing) som årleg blir gjennomført på alle trinn i oktober og februar. I oppsettet for bruk av fellestid og lagarbeid finn vi at det er satt av tid til etterarbeid med Zero kartlegginga, men ikkje for dei andre kartleggingane hausten 2018. I årshjulet står det at rektor og inspektørar har møte om kartleggingsprøvene og at inspektør har møte med lærarane. I intervju kjem det fram at lærarar meiner at resultata blir diskutert regelmessig med leiinga. I desse diskusjonane blir det til dømes drøfta organisatoriske grep og bruk av lærarressurs. Vi finn at resultata i mindre grad blir diskutert på trinn.

Det går fram av intervju at lærarane kjenner til og gjennomfører kartleggingsprøvene. Vi finn ingen plan for korleis Sand skule konkret arbeider med resultata frå arbeid med SOL eller andre kartleggingar. I intervju vert det sagt at det ikkje er ein skriftleg rutine for dette arbeidet som alle kjenner til. Alle kjenner likevel til at det er regelmessige møter mellom leiinga og aktuelle lærarar for å drøfte elevane sitt læringsutbytte.

Sand skule har utarbeida ein *Tiltakslogg* for å dokumentere arbeidet med å kartleggja elevane si faglege eller sosiale utvikling dersom ein er uroa for deira utbytte. I loggen skal lærarane beskriva vanskane, tiltaka og evaluering av tiltaka. Intervjua avdekkjer at lærarane er kjent

med og bruker tiltakslogg som eit verktøy. Samtidig tek skulen hausten 2018 i bruk Pedagogisk analyse som eit nytt verktøy i sitt kartleggingsarbeid.

Det er lovkrav at lærarane skal vurdere eigne arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljøet i klassen før ein melder ein elev til PPT. På bakgrunn av vurderingane skal skolen og læraren setje i verk tiltak innanfor den ordinære opplæringa/tilpassa opplæring for å hjelpe eleven med vanskane sine. Vi finn at dei 3 dokumenta *Kvalitetssikring av eleven sitt læringsutbytte*, *Rutine, bekymring for læringsutbytte* og *Tiltakslogg* viser korleis læraren avdekkjer at ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og arbeidet med å tilpassa opplæringa før melding til PPT. Rutinen skildrar kva tiltak som skal setjast i verk på dei ulike trinna i prosessen. Her kjem det fram at lærarane kan bruke verktøyet *Pedagogisk analyse* for å kartleggje og observere eleven. Det er Fylkesmannen si vurdering at Sand skule har utarbeida eit system som gjer det mogleg å vurdere om alle elevane har eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Vi meiner systemet er forsvarleg, men er usikre på om alle lærarane nyttar dette fullt ut. Rektor meiner mellom anna at skulen kan bli betre til å finne tiltak innan tilpassa opplæring før ein tek kontakt med PP-tenesta. På denne bakgrunn er det vår konklusjon er at skulen har ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at lærarane systematisk og løypande vurderer om alle elevar har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Det er også ein sentral del av lovkravet at framgangsmåten skal vere kjent og innarbeidd blant lærarane på skolen. I intervju blir det formidla at ein kjenner godt til alle rutinane men fleire er usikker på om alle lærarane gjer det same på alle trinn dersom ein avdekkjer at ein elev treng hjelp. Vår konklusjon er at rutinar og logg kan vere eigna til å sikre at krava i opplæringslova blir oppfylte, men vi er usikre på om verktøya i planen er innarbeidd på ein heilskapleg måte. Skulen sikrar derfor ikkje fullt ut at arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø blir vurdert for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og at skolen gjennomfører tiltak innanfor tilpassa opplæring. Etter vår vurdering kan dette henge saman med manglande spesialpedagogisk kompetanse på skulen. Rektor stadfester i intervju at skulen må auke sin kompetanse på dette området.

Det kjem fram av dokumentasjon og planar at læraren tidleg skal melde ifrå til leiinga når det blir avdekkja at ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Denne praksisen blir stadfesta i intervjuet. Sand skule har, etter vår vurdering, ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at lærarane melder behov for spesialundervisning til rektor.

Vår konklusjon

Sand skule

- har ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at lærarane systematisk og løypande vurderer om alle elevar har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.
- har ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø blir vurdert for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og gjennomfører tiltak innanfor tilpassa opplæring på bakgrunn av denne vurderinga.

- har ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at lærarane melder frå om behov for spesialundervisning til rektor.

5. Vurdering av behov for særskilt språkopplæring

5.1 Rettslege krav

Nedanfor er dei rettslege krava for tilsynet med skulen sitt arbeid med å vurdere behov for særskilt språkopplæring. Vi viser også til reglane i opplæringslova og i forskrift til opplæringslova.

Skulen må ha ein innarbeida framgangsmåte for å kartleggje elevane sine ferdigheiter i norsk. For elevar med behov for særskilt norskopplæring må ein innarbeida framgangsmåte sikre at det blir vurdert om eleven også har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring.

Elevar i grunnopplæringa med anna morsmål enn norsk og samisk, har rett til særskilt norskopplæring til dei har tilstrekkelege ferdigheiter i norsk til å følge den ordinære opplæringa på skulen, jf. opplæringslova § 2-8. Om nødvendig har elevane også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Skuleeigar har ansvaret for at kartlegginga av elevane sine norskferdigheiter blir gjort før vedtaket om særskilt språkopplæring. I dei fleste tilfelle er det skulen som gjennomfører kartlegginga. Skulen må også vurdere om eleven eventuelt har behov for morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Skulen må ha ein kjent og innarbeida framgangsmåte som sikrar dette.

Elevar med vedtak om særskilt språkopplæring skal få kartlagt sine norskferdigheiter undervegs i opplæringa.

Skulen skal også kartleggje eleven undervegs i opplæringa når eleven får særskilt språkopplæring, jf. opplæringslova § 2-8. Dette for å vurdere om eleven har tilstrekkelege ferdigheiter i norsk til å følge den vanlege opplæringa på skulen. Skulen må gjere ei individuell vurdering av tidspunktet for dette.

5.2 Våre observasjonar

Vår vurdering og konklusjon er basert på innsendte rutinar og tre døme på enkeltvedtak om særskilt språkopplæring.

5.3 Våre vurderingar og konklusjonar

Skulen har dokumentet *Rutinar for kartlegging av fleirspråklege elevar*. Her går det fram i kapittel 1 og 4, at elevane skal kartleggjast, at skulen skal vurdere behov for tospråkleg fagopplæring og/eller morsmålsopplæring, og at eleven skal kartleggast undervegs. Hensikten med kartlegging av minoritetsspråklege elevar er å vurdere om dei har rett til nokon form av særskilt språkopplæring, og i kva omfang. Kartlegging undervegs har som føremål å vurdere kompetanseutviklinga til eleven i norsk, og ved behov justere opplæringa og eventuelt omfang. Dei tre vedtaka Fylkesmannen har fått er ikkje grunnigtt. Rektor viser i alle vedtaka til at elevane enno ikkje har nådd nivå 3, men ikkje ytterlegare informasjon som kan forklare eller opplyse kva for behov den einskilde har, eller kva for eit nivå eleven meistrar på

innanfor dei ulike områda av språklæring. Dette er også i strid med skulens eigen rutine nemnd over i kapittel 3 siste kulepunkt. Informasjon frå intervju tyder på at elevane blir gitt eit visst omfang uavhengig av behov og kompetansenivå. I vedtaka blir det ikkje vurdert behov for tospråkleg fagopplæring, morsmålsopplæring eller eventuell anna tilpassa opplæring viss kompetent personale ikkje kan skaffast.

Vi har grunn til å tru at den særskilte norskopplæringa som faktisk blir gjennomført er god, og at både den innleiande og etterfølgande kartlegginga blir gjort på ein relevant og kompetent måte. Når vi likevel ikkje kan sjå at kartleggingsresultata har innverknad på tilbodet som blir gitt i vedtaket, er ikkje føremålet med å kartlegge innfridd. Som nemnt skal elevane kartleggjast undervegs mellom anna for å vurdere og justere tilbodet og opplæringa dei får. Dei aktuelle elevane vi har snakka med har hatt særskilt språkopplæring (særskilt norskopplæring) lenge, tilsynelatande utan den kompetanseutviklinga ein kunne forvente. Dette må skulen gripe fatt i, og ta naudsynte skritt i form av å intensivere/endre tilbodet, eller å vurdere om det ligg føre andre lærevanskar hos desse elevane.

Vår konklusjon

Sand skule

- har ein innarbeidd framgangsmåte for å kartleggje elevane sine ferdigheiter i norsk, men legg ikkje i tilstrekkeleg grad resultata til grunn for enkeltvedtaka som blir fatta
- sikrar ikkje at det for elevar med behov for særskilt norskopplæring er ein innarbeida framgangsmåte der det blir vurdert om eleven også har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring
- har ikkje ein rutine som sørgjer for at kartlegginga av elevane som blir gjort undervegs i opplæringa, får tilstrekkeleg innverknad på justering av og innhald i vedtaka om særskild språkopplæring

Del 2

6 Skulebasert vurdering

6.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi oppgitt og utdjupa dei rettslege krava for tilsynet med skulebasert vurdering. Alle dei rettslege krava byggjer på forskrift til opplæringslova § 2-1.

Skulen skal velje tema for den skulebaserte vurderinga basert på ei brei og samla vurdering av om elevane når måla i læreplanverket (LK06).

Skulen skal jamleg vurdere i kva grad organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa bidrar til å nå måla i Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06), jf. forskrift til opplæringslova § 2-1. I vurderinga må derfor skulen samanhalde resultatet av opplæringa med dei mål og prinsipp som er formulert i læreplanverket. Denne vurderinga skal alltid, direkte eller indirekte, sikte mot å fremje elevane si utvikling og utbytte av læringa.

Som første del av å gjennomføre ei skulebasert vurdering, må skulen etablere eit kunnskapsgrunnlag som reflekterer breidde av mål i læreplanverket. Kunnskapsgrunnlaget må

byggje på kjelder som gir resultat frå faglege mål, og frå mål som omfattar elevane sin trivsel og utvikling på andre område enn dei faglege. I tillegg til eigne kjelder har skulane tilgang til fleire nasjonale kjelder i Skuleporten, til dømes Elevundersøkinga.

Når skulen har fått eit breitt kunnskapsgrunnlag, må dei bruke dette til å gjere ei samla vurdering av i kva grad elevane når måla for opplæringa på ulike område. Dette skal gi skulen eit grunnlag til å reflektere og analysere heilskapleg i kor stor grad elevane på skulen har nådd måla i læreplanverket.

Basert på denne refleksjonen må skulen velje tema for den skulebaserte vurderinga. Skulen skal sjå på område kor dei vurderer at endringar i organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa, kan fremje elevane si utvikling og utbytte av opplæringa. Det vil seie endringar som kan auke elevane si måloppnåing. Val av tema må over tid ivareta breidda av mål for opplæringa.

Skulen skal vurdere om endringar i organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa kan bidra til auka måloppnåing hos elevane i det valde temaet.

Den skulebaserte vurderinga skal identifisere kva endringar som best kan auke måloppnåing for elevane innanfor det skulen har valt å sjå på i vurderinga. Måloppnåinga siktar her til alle måla i læreplanverket som inngår i det valde temaet, og ikkje berre faglege mål.

I kravet ligg det at skulen må vurdere endringar innanfor ulike rammer for opplæringa, og i utgangspunktet ikkje berre velje å sjå på ein type tiltak. Endringar skulen kan vurdere er nye tiltak som for eksempel oppstart av eit utviklingsarbeid. Skulen kan også vurdere om vidareføring av det som skulen alt gjer, er det beste. Skulen må vurdere endringane på systemnivå for heile skulen, sjølv om konsekvensane av endringane i nokre tilfelle primært vil vise seg for enkelte klassar eller for enkelte fag.

Skulen skal følge opp dei endringane som dei eventuelt kom fram til i den skulebaserte vurderinga.

Føremålet med den skulebaserte vurderinga er å sørge for at skulen lærer og utviklar seg slik at elevane i enda større grad kan nå breidda av mål i læreplanverket. Når skulen gjennom vurderinga avdekkjer forbetningsområde, må skulen følge opp dette vidare. Endringane kan både vere at skulen set i verk nye einskilde tiltak, eller at dei startar eit utviklingsarbeid. Skulen kan også kome fram til at dei berre vil oppretthalde og eventuelt forsterke det dei allereie gjer. I nokre tilfelle kan aktuelle endringar eller tiltak vere slik at det er nødvendig med en dialog med skuleeigar, før tiltaka eventuelt blir sett i verk.

Skulen skal ha ei brei og representativ medverknad i arbeidet med skulebasert vurdering.

I ordet «skulebasert» ligg det at vurderinga må involvere alle involverte partar på skulen, både i analysen og i arbeidet med endringar og tiltak på bakgrunn av analysen. Gjennom vurderinga blir personalet bevisstgjort om samanhengen mellom korleis opplæringa blir gjennomført og i kva grad elevane når måla. Lærarane vil også vere sentrale i å gjennomføre dei fleste endringstiltaka. Å involvere lærarane er derfor viktig for at eventuelle tiltak skal

lykkast. Skulen vurderer kven som skal delta ut frå aktuelt tema. Å involvere elevane er aktuelt i mange tema.

Skulen skal gjennomføre skulebasert vurdering jamleg.

Den skulebaserte vurderinga må utførast i samsvar med forutsetninga, jf. dei føregåande krava til gjennomføringa av vurderinga. Skulen skal gjennomføre skulebasert vurdering jamleg, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1. I utgangspunktet bør vurderinga gjennomførast årleg, men tidsbruk må vurderast opp mot det forsvarlege og ut frå eit lokalt skjønn.

6.2 Våre observasjonar

Grunnlaget for våre vurderingar byggjer på dei innsendte dokumenta: «Ståstadsanalysen 2018», «Ståstadsanalysen 2016», AUL hausten2018», «AUL våren2018», «organisasjonskart og roller», «Årshjul», «sikring av kvalitetsvurdering for opplæringa på Sand skule og vedtekte kartleggingsprøvar», «Avtale om arbeidstid..», «Plangruppa», «Intervju-stafett KLU», «KLU», «Ordsky», svar i ReFlex og intervju. «Tilstandsrapport barnehage og skule», «Utviklingsmøte oppvekst 2018-2019», «Lokalt tilsyn, skulane i Suldal - skjema», «Kompetanseplan for skule og SFO i Suldal 2018/2019», «kvalitetsvurderingssystem for Suldalsskulen», «brukermedverknad i Suldalsskulane..», «Rutine for skulebasert vurdering for Suldalsskulen» «Søknad Suldal kommune-inkluderande barnehage og skolemiljø», «Program til Frå data om skolen til pedagogisk praksis».

6.3 Våre vurderingar og konklusjonar

Målet med skulebasert vurdering er å sikre at opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Den skulebaserte vurderinga er difor eit viktig grunnlag i skuleeigar sin årlege rapport om tilstanden i skulen. I tillegg er skulebasert vurdering verktøyet i prosessen for kvalitetsutvikling i skulen. Målet er alltid auka læringsutbytte og betre læringsmiljø elevane ved skulen.

Skulen skal vere ein lærande organisasjon. For å få til gode prosessar må skulen ta utgangspunkt i sine eigne utfordringar, sitt eige utviklingspotensial og utvikle praksis saman. Eit godt kvalitetsarbeid i skulen inneber kollektiv profesjonsutvikling. Når alle utviklar sin pedagogiske praksis i lag, lokalt på sin skule, får vi skulebasert kompetanseutvikling.

Skulebasert vurdering inneheld viktige element som må ivaretakast for å sikre at eit utviklingsarbeid faktisk endrar skulen sin pedagogiske praksis i heile kollegiet. Sand skule har dei siste 2 åra valt å kalle kvalitetsutviklingsarbeidet sitt for KLU – klasseleiing i utvikling. Dette som eit resultat av *Ungdomstrinn i utvikling*. Rektor kommenterer at utviklingsarbeidet ikkje var så systematisk før dette. Plangruppa har våren 2018 kome fram til at Sand skule treng å vidareutvikle vurderingspraksisen sin. Dei vil implementere vurdering for læring som ei vidareføring av KLU.

Rektor visar til resultat i elevundersøkinga, ståstadsanalysen, skulevandring og tilbakemeldingar frå personalet, som grunnlag for val av satsingsområde for kvalitetsutvikling. Tilsynet kan ikkje finne det dokumentert at også ein analyse av resultata frå

nasjonale prøver eller grunnskulepoeng, ligg til grunn for valet av vurdering for læring. Ved hjelp av resultatata frå nasjonale prøver kan man sjå om den opplæringa læraren gjev på for eksempel 8. trinn fører til ønska resultat på 9. trinn. Eller ein kan sjå om lærar har brukt resultatata i kartleggingsprøver til å rettleie aktuelle elevar slik at det visar igjen i resultatata på nasjonale prøver på 5. trinn. På 8. trinn kan leiinga og lærarane analysere resultat opp mot dei same elevane sine resultat frå 5. trinn. Både på skulenivå og individuelt er det her mykje nyttig informasjon å ta med seg inn i arbeidet med vurdering for læring. Ut i frå dokumentasjonen og intervjuar finn tilsyn likevel det dokumentert at rektor har eit tilstrekkeleg breitt kunnskapsgrunnlag om elevane sitt utbytte av opplæringa, som grunnlag for val av tema i den skulebaserte vurderinga. Prosessen med analyse, refleksjon og drøfting som grunnlag for temaval kunne likevel vore skriftleggjort i større grad. Ein slik skriftleggjing er ei hjelp for involverte partar slik at dei kan følgje prosessen aktivt.

Tilsynet ser av dokumentasjonen at ein gjennom KLU har analysert praksis på skulen innanfor tidlegare satsingsområde og jobba med her og nå situasjonen, jamfør «Ståstadsanalysen 2016». Tilsynet kan ikkje sjå å ha fått ei samla vurdering av om satsinga vurdering for læring vil auka elevane sitt læringsutbytte. For å sikre reell skuleutvikling med betre læring for elevane, må alle på skulen endre deira undervisningspraksis. Ein lærande organisasjon er kjenneteikna av at alle i heile organisasjonen endrar seg saman. I starten av ein utviklingsprosess er det derfor avgjerande at rektor sett av god tid til arbeid med å analysere nå-situasjonen, slik at personalet i fellesskap eines om:

- Korleis er Sand skule sin praksis og resultat nå?
- Kvifor er endringa nødvendig?
- Korleis er ein ønska situasjon forskjellig frå nå-situasjonen.

Planen for vurdering for læring, «Plan for arbeid med SkuleVFL Sand skule 2018-2020» viser at skulen nå har ein plan for det valte satsingsområdet. Målet er at « Skolen skal utøve en kollektiv vurderingspraksis som er svært gunstig for elevens læring og kompetanseutvikling». Planen seier ingenting om korleis denne praksisen er tenkt, eller kvifor den vil vere betre enn dagens praksis. Skulen skal vurdere om endringar i organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa kan bidra til auka måloppnåing hos elevane i det valde temaet. For å gjere dette må utviklingsarbeidet ta utgangspunkt i ein analyse av skulen sin praksis før ei satsing startar opp. Dette seier planen til Sand skule lite om. Skulen har brukt innhaldet i MOOC som ein plan for implementering av ny kunnskap og nye arbeidsmåtar. Leiinga må likevel ha ei plan som skal sikre at de involverte forstår innhaldet, er motivert for og forpliktar seg til prosjektet. Det kan vere ei god løysing å bruke MOOC til implementering av kjerneelementa i satsinga. I planen er det lagt opp til to evalueringsøker, midtvegs og ved estimert avslutning. For å sikre god implementering er det viktig at man evaluerer arbeidet gjennom heile prosessen. Planen seier lite om korleis denne evalueringa skal skje. Korleis har rektor/leiinga tenkt å sikre at dei tilsette tek i bruk ny praksis?

Vurdering for læring er eit tema der det er naturleg at elevane blir involverte. Gjennom dokumentasjonen veit vi at svara til elevane i Elevundersøkinga ligg til grunn for val av tema. I «Rutine for skulebasert vurdering for Suldalskulen» står det at elevane skal bli informert om

tema for utviklingsarbeidet gjennom elevrådet slik at dei kan kome med innspel og tilbakemelding på skulen sin praksis i dag, og korleis dei ønskjer den skal vera i framtida. Ut i frå dokumentasjonen kan ikkje tilsynet sjå at dette er gjort på Sand skule. Rektor kommenterer at elevrådet har vore involvert i prosessen med utvikling av relasjonskompetanse som utviklingsområdet. Dokumentasjonen viser eit breitt og representativt arbeide med elevundersøkinga, men dette er ikkje innarbeida inn i planen SkuleVFL. Vi kan heller ikkje finne at føresette, via FAU, er blitt involvert i valet av tema. Med bakgrunn i dokumentasjon og intervju er det vår vurdering at Sand skule ikkje sikrar ei brei og representativ medverknad i arbeidet med val av skolebasert vurdering.

Skulebasert vurdering skal gjennomførast med jamne mellomrom. Ut i frå dokumentasjonen ser vi at Sand skule gjennomfører skolebasert vurdering jamleg. For å få gjennomført godt skolebasert utviklingsarbeid er det viktig med tydelege analyser, planer, forventningar til dei involverte og ikkje minst kontinuerlege evalueringar.

Vår konklusjon

Sand skule

- vel tema for den skulebaserte vurderinga basert på ei brei og samla vurdering av om elevane når måla i læreplanverket (LK06)
- vurderer ikkje i tilstrekkeleg grad om endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til auka måloppnåing hos elevane i det valde temaet
- følgjer ikkje opp dei endringane som kjem fram i den skulebaserte vurderinga
- har ikkje ein brei og representativ medverknad i arbeidet med skolebasert vurdering
- gjennomfører skolebasert vurdering jamleg

7. Frist for retting av brot på regelverket

Fylkesmannen har funne at kommunen ikkje etterlever regelverket på alle område. I denne rapporten får Suldal kommune frist til å rette brot på regelverket, jf. kommunelova § 60 d.

Frist for retting er 01.04.2019. Kommunen må innan denne datoen sende Fylkesmannen ei erklæring om at brot på regelverk er retta, med naudsynt grunngjeving.

Dersom brot på regelverket ikkje er retta innan den fastsette fristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

Vi varslar følgjande pålegg som er aktuelle å vedta etter utløpet av rettefristen i den endelege tilsynsrapporten, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 60 d:

Del 1 – skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa

Skulen sitt arbeid med opplæring i fag

1. Suldal kommune må syte for at det lokale arbeidet med læreplanar ved Sand skule oppfyller krava til opplæringslova §§ 2-3, jf. forskrift til opplæringslova §§ 1-1, 3-1 og 3-2.

Suldal kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Rektor sikrar at undervisningspersonalet knyter innhaldet i opplæringa til kompetansemål i det enkelte faget.
 - b. Rektor sikrar at undervisningspersonalet tek vare på elevens rett til å kjenne til
 - mål for opplæringa
 - kva som blir vektlagt i vurderinga av kompetanse
 - c. Rektor sikrar at opplæringa samla dekkjer
 - alle kompetansemåla på hovudtrinnet / i faget
 - individuelle opplæringsmål i IOP
2. Suldal kommune må syte for at arbeidet med individuelle opplæringsplanar ved Sand skule er i samsvar med opplæringslova §§ 5-1 og 5-5.

Suldal kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Innhaldet i IOP samsvarer med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa, medrekna når det er gjort avvik frå LK06.

Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte

3. Suldal kommune må syte for at den individuelle undervegsvurderinga ved Sand skule medverkar til at elevane får realisert sine moglegheiter til å nå måla for opplæringa, jf. opplæringslova § 5-5 og forskrift til opplæringslova §§ 3-1, 3-2, 3-11, 3-12 og 3-13.

Suldal kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Lærarane rettleier elevane om kva for kompetansemål frå LK06 / mål i IOP som opplæringa er knytt til.
- b. Lærarane rettleier elevane i kva det blir lagt vekt på i vurderinga i det enkelte faget.
- c. Lærarane gjev elevane tilbakemeldingar på kva dei meistrar i faga.
- d. Lærarane rettleier elevane om kva dei må gjere for å auke kompetanse sin i det enkelte faget.
- e. Lærarane syter for å involvere elevane i vurderinga av eige læringsarbeid.

- f. Elevane frå og med 8. årstrinn får halvårsvurderinga utan karakter
 - midt i opplæringsperioden i alle fag
 - på slutten av opplæringsåret i fag som ikkje er avslutta
- g. Skulen har ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane i halvårsvurderinga
 - gjev informasjon om eleven sin kompetanse i faga
 - gjev rettleiing om korleis eleven kan auke kompetansen sin
- h. Skulen har ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at årsrapporten inneheld ei vurdering av utviklinga til eleven ut frå måla i IOP-en.

Vurdering av behov for særskild språkopplæring

4. Suldal kommune må syte for at Sand skule sikrar at elevar som ikkje har norsk eller samisk som morsmål, får vurdert sitt behov for særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 2-8 eller 3-12.

Suldal kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Skulen har ein innarbeidd framgangsmåte for å kartleggje elevane sine ferdigheiter i norsk.
- b. Skulen har ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at det blir vurdert om eleven òg har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring når eleven har behov for særskild norskopplæring.
- c. Norskferdigheitene til elevar med vedtak om særskild språkopplæring blir kartlagde undervegs i opplæringa.

Del 2 – skulebasert vurdering

1. Suldal kommune må syte for at Sand skule jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1.

Suldal kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Skolen vurderer om endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til auka måloppnåing hos elevane i det valde temaet.
- b. Skolen følgjer opp dei endringane som dei kom fram til i den skulebaserte vurderinga.
- c. Det er brei og representativ medverknad i arbeidet med skulebasert vurdering.

De har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Una Bjørnseth Haugen
tilsynsleiar

Randi Bjørkås
rådgivar

Anne Marie Melberg Skaar
rådgivar

Vedlegg: Liste over dokumentasjon

- Eigenvurderingar i ReFlex frå kommunalsjef, rektor og lærarar i norsk, samfunnsfag og engelsk
- Informasjon frå intervju
- Plan/kalender for bruk av bunden tid, planleggingsdagar og skuleaktivitetar 2018/2019
- Kompetanseplan Skule og SFO i Suldal 2018/2019
- Årsplan i fleire fag
- Døme på vurderingskriterium og kjenneteikn på måloppnåing
- Nasjonale kjenneteikn på måloppnåing til bruk ved sentralt gitt eksamen
- Døme på undervisningstema
- Døme på vekeplanar
- 3 vedtak om særskilt språkopplæring – Tildeling av timar
- Rutine for kartlegging av fleirspråklege elevar
- 2 elevsaker med sakkunnige vurderingar, enkeltvedtak, IOP, årsrapport
- Kvalitetssikring av eleven sitt læringsutbytte
- Rutine, bekymring for læringsutbytte
- Tiltakslogg
- Pedagogisk rapport
- Rutine for IOP
- Årshjul, sikring av kvalitetsvurdering for opplæringa på Sand skule og vedtekne kartleggingsprøvar
- Stillingsinstruks kontaktlærar
- Ståstadsanalysen 2016
- Ståstadsanalysen 2018
- Tilstandsrapport barnehage og skule
- Utviklingsmøte oppvekst 2018-2019
- Lokalt tilsyn, skulane i Suldal – skjema
- Kompetanseplan for skule og SFO i Suldal 2018/2019
- Rutine for skulebasert vurdering for Suldalskulen
- Brukarmedverknad i Suldalskulane

Det ble gjennomført stedlig tilsyn 25. og 26.09.2018.

Det ble avholdt intervju med:

- Kommunalsjef
- Rektor om elevane sitt utbytte av opplæringa og skulebasert vurdering
- Ansvarleg for spesialundervisning
- Ansvarleg for særkild språkopplæring
- Faglærer i engelsk
- Faglærer i norsk
- Faglærer i samfunnsfag
- Elevar med spesialundervisning
- Elevar med særskilt språkopplæring
- 2 elevgrupper med ordinært opplæringstilbod